

INFORMASJON

Eit magasin frå Eidfjord kommune 2 | 2023 | Årgang 24

EIDFJORD NYTT

Hardangerbrua 10 år

Reisebrev frå Eidfjord Turlag

Opning av ungdomsklubben

Opningsfest i «Nabolaget»

Foto: Anne Kommedal

Jolehelsing frå ordføraren

Eg likar desember. Lange, mørke kveldar i stova, berre opplyst av stearinlys og jolatreet. Lukta av gran, jolamusikk på høgtalaren og helst alt i lag med mine næraste. Hygge, rett og slett.

Eg vart difor litt overraska då eg kom over ei skildring av natta mellom jolaftan og joledag som ein av dei farlegaste nettene, i fylgje norsk folketru på 1800-talet. Alle slags mystiske og overnaturlige vesen kunne vera på ferde den natta, og det var særleg oskoreia - ein larmande flokk av daudingar eller vette – som var mest frykta. For å beskytta seg mot desse onde kreftene var det mange stader vanleg at folk samla seg i stova til jolavake, og sov den natta saman på stovegolvet. Denne tradisjonen har eg og familien vidareført. Ikkje at me er redd for oskoreia, men grunna; hygge.

Også i den velkjente kortromanen «Ei juleforteljing» av Charles Dickens vert hovudpersonen heimsøkt; den ufordragelege gjerrigknarken Ebenezer Scrooge får besøk av tre skrømt i jolenatta som syner han jol i fortida, notida og framtida. Me som tilskodarar vert med på Scrooge si andeleg reise frå gnir til eit rausare og betre menneske. Denne forteljinga er ein av mine favorittar blant jolalitteraturen. Det går ikkje eit år utan eg ser ein av dei



Jolerei. Kjelde: Bergslien-målarane, Thor Warberg, 2008

mange filmatiseringane eller blar gjennom ein illustrert utgåve, som er lagra med jolapynten resten av året.

Bodskapen i «Ei juleforteljing» er eigentleg like aktuell gjennom heile året. Då teksten vart publisert i 1843 vart den oppfatta som ein kritikk på korleis dåtidens samfunn behandla sine vanskelegstilte og fattige. No kan ein ikkje samanlikna 1800-tals London med dagens velferdssamfunn i Noreg, verda har vorte ein annan og på mange måter mindre. Noreg er eit av landa i verda med minst økonomisk ulikskap, men den har likevel auka jamnt og trutt dei siste 30 åra. Rettar ein blikket lenger utover vert det endå tydlegare kor privilegerte me eigentleg er. På verdsbasis lever 9,2 % (2020) av menneska i ekstrem fattigdom, det vil seie av mindre enn 19 kroner dagen. I 2022 levde berre 29 % av alle menneske i eit demokrati. I 2023 var det anslått at meir enn 110 millionar menneske er på flukt i verda grunna konflikt, vald, klimakriser,

menneskerettsbrot eller hendingar som rører ved den offentlege orden. Alle desse tala har vorte dårlegare dei siste åra, og her har det internasjonale samfunn, og ikkje minst politikarane, ei stor oppgåve framover for å betra situasjonen.

Dette kan virka fjernt og for stort til å gjera noko med. Men kvar og ein har i sitt daglege liv moglegheit til å bevisa kor god vår nordiske samfunnsmodell er, kor inkluderande lokalsamfunnet er, og kor gode me er som individ i møte med dei svakaste blant oss. For dei finst òg i Eidfjord. Eg ynskjer å avslutta med orda av ein annan britisk forfattar, J.R.R. Tolkien: «Det er dei små tinga, daglege gjerningar av vanleg folk som held mørket i sjakk. Enkle handlingar av kjærleik og venlegheit.»

Eg ynskjer alle lesarar god jol, og eit godt nytt år i vente!

Timo Knoch
-ordførar-



Ordfører Timo Knoch



Foto: Liv Katrine Herstad

Innhold

4	Bu og Ringøy bygdekvinnelag	27	Opning av ungdomsklubben – ungdomshuset Solvang
6	Nytt frå forvaltning	28	SFO treng utkledningskle og anna utstyr
8	Reinholdsnytt frå kommunen	29	Eidfjord Røde kors omsorg
9	Sysendalen reinseanlegg	30	Oversikt over faste aktivitetar i Eidfjord
10	Eidfjord gatebilet: Ta ein digital tur i bygda!	33	Oppdatering etter sommarsesongen frå Finnasteinflåten camping
11	Hausten i Eidfjord kyrkje	33	Oppsummering av sommaren på Hedlo
12	Førebyggjingskoordinator	34	Matkulturdag i Øvre Eidfjord
13	10 år etter bruopning: Hugsar du folkefesten?	36	Konstituerande kommunestyremøte
14	Hardangerbrua 10 år	37	Øvre Eidfjord grendalag
16	Informasjon om hukommelsesteamet i Eidfjord kommune	38	Utstillingar i Galleri N. Bergslien 2024
18	Sima kraftverk: 50 år sidan NVE-statkraftverkene fekk konsesjon	39	Opningsfest i «Nabolaget»
20	Reisebrev frå Eidfjord Turlag	40	Sysendalen løypelag og løypekøyrarane er klare til ny sesong
21	Opning av nytt klatrestativ	42	Jakt- og fiskesesongen 2023
22	Draumeskulen	43	TV-aksjonen 2023 – innsamling til Redd Barna
23	Ungdomstrinnet hausten 2023	44	Kino i desember
24	Ord og bilete frå nokre av aktivitetane på skulen		

EidfjordNytt

vert utgjeven av
Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Heimeside:

www.eidfjord.kommune.no
Tlf: 53 67 35 00

Epost:

postmottak@eidfjord.kommune.no

Redaksjonsnemnd:

Eidfjord kommune

Grafisk produksjon:

Aksell





Bu og Ringøy bygdekvinnelag

Laget vart stifta i 1930, og har betydd mykje for bygda vår, som strekkjer seg frå Brimnes til Berget. No er me 20 medlemmer. Er det nokon i Eidfjord som har lyst å melda seg inn, så er de hjarteleg velkomne til det. Vil de vita meir om oss, er det berre å ta kontakt. Målet vårt er trivsel i bygda, og å skapa møteplassar. Her er noko av det me har gjort det siste året.

Tekst og foto: Trude Rinaldo

Styret i 2022/2023 har vore samansett slik:

Mauela Bjotveit (leiar)
Solfrid Instanes Seljestad (nestleiar)

Linda Ågotnes Kaland (kasserar)
Trude Læg Reid Rinaldo (skrivar)
Line Kvalvik (medlem)
Kjellrun Tveisme (1. vara)

Medlemsmøte 31.01.2023 i kjellaren i Grannaheimen

Me har som regel eit tema for kvelden, og alltid utlodning med medbrakte gevinstar.

Denne kvelden vart det servert primlefse, som Alis Bjotveit lærte å laga då ho kom til bygda. No fører ho tradisjonen vidare med å spreie sin kunnskap. Nokon av dykk smakte kanskje på denne lefsa på Matkulturdagen i Øvre Eidfjord denne hausten.

Blome- og kakebasaren var 27.05.2023

Dette er ein lang tradisjon me har, meir enn 50 år, alltid i slutten av mai. Me har plass til ca. 80 gjester, og det er alltid fullt hus. Mange frå Eidfjord kjem også, gong etter gong. Det set me stor pris på. Bu og Ringøy bygdekvinnelag var grunnleggjar av basaren og dreiv den i mange år åleine. Etter kvart har dei to husstyra og Varden 4H kome med. Det er mykje som skal bakast og lagast før me kan invitera til basar. Dette ynskjer me å fortelja meir om i ei seinare utgåva av Eidfjordnytt.

Skautfellingsprosjektet i Hardanger

Bu og Ringøy bygdekvinnelag, saman med Folgefonn husflidslag og Hardanger og Voss Museum, er med på prosjekt for å ta vare på kunnskapen om korleis ein lagar skaut til hardangerbunaden. Dette er eit raudlisteprojekt med svært komplisert teknikk.

Kveldsmat i fjøra 24. september 2023

I haust inviterte me alle i bygda på kveldsmat ute, og det er alltid kjekt. På menyen var spidda pølser og platekaker, og sjølv-sagt kaffi og eplesaft. Dagen bydde på strålende vêr, og mange deltok.



9. mars var det klart for mannekengoppvisning av FLOR frå Voss – arbeidsklede for kvinner. Her inviterte me alle damene i Eidfjord og Kinsarvik. Modellane var alle frå bygda vår.

SUTALAUST & KJEKT

TAKE AWAY

GALLERI

SHOP Local

- Eco (Bærekraftig - kvalitet)
- Friendly (Vennlig og pålitelig)
- Free & (Handlekraftig – alltid søke utviklingspotensial)
- Honest (Ærlig og lojal)

www.effh.no

Tekst: Forvaltningsavdelinga

Kjerøyna har vore eit tema i fleire år, det har vore fleire vyar og visjonar for området. Grunna området sin nærleik til Eio har diverre arbeidet stoppa opp grunna flaumfare. Før utvikling av området har ein måtta avklara flaumsona knytt til Eio, og at denne ikkje får større konsekvensar for det som vert utvikla på Kjerøyna.


med eit skisseprosjekt for korleis området skal sjå ut. Dette skal me gjera i samråd med dyktige konsulentar, NVE og Statens vegvesen.

Målsetnaden for Kjerøyna er å utvikla eit område med servicefunksjonar for våre vitjande. Området skal innehalda mellom anna parkering for buss og bil, ladestasjonar, toalett, avfallshandtering og tømestasjon for bubil. Kjerøyna har ei god plassering då det er kort veg til sentrum, samstundes er området rolegare enn det pulserande sentrumsarealet. Me vonar at Kjerøyna kan fungera som ein avlastning for sentrumsområda.

Sidan arbeidet med stadanalysen for Eidfjord i 2010 har det vore ynskje om å vidareutvikla sentrumsområda. Sentrumskomiteen i Eidfjord har gjennom sin periode arbeidd med å utforma området mellom Coop Marked og sjøbua, og ned til fjordkanten. Det har vore prosessar kor medverknad og idear har vore drøfta.

Smedvig landskapsarkitektar har på bakgrunn av sentrumskomiteen sine ynskjer utforma ei skissa for området. Denne har vore knadd fleire gonger saman med ulike mynder. Området har fleire omsyn å ivareta.





Plangrense detaljregulering Kjerøyna

I fyrste omgang vert det fokus på sjøfron-
ten med kai og avtrappingar mot sjøen.
Det er planlagt å etablere ein gangbane
rundt sjøbua, noko som reguleringsplan-
nen i området opnar for. Dette vil forhå-
pentlegvis gjera at sjøbua får ein sterkare
kopling mot sentrum og kaia. Strendene
på kvar side av sjøbua vil få eit løft og vera
lettare tilgjengelege.

Området for torgplass ligg i eit vidare
byggjetrinn, som ikkje er finansiert i gjel-
dande innkjøp. Skissa syner ein heilskap

mellom byggjetrinn 1 og 2, som ein vonar
vert realisert på sikt.

Barnas talsperson i plan- og byggjesakshandsaming

Plan- og bygningslova §3-3 heimlar at
kommunen skal ivareta born og unge i
plan- og byggjesak. I ljøs av dette vert
det nedsett ein person som skal uttala
seg på vegne av born og unge; barnas
talsperson. Representanten skal ha fokus
på trygge og gode oppvekstvilkår, samt

sikra områder som gjer grunnlag for god
helsa. Vedkomande bør ikkje ha politiske
verv eller vera del av plan- og byggesaks-
administrasjonen. Ofte har ein slik person
tilknytning til oppvekst, helse og kultur.

Eidfjord kommune har vedteke at barnas
talsperson er Anja Helene Bergo (BTI-
koordinator). Vara til barnas talsperson
er Liv Kristoffersen (sosiallærer og elev-
rådskontakt). Vervet gjeld for perioden
2023–2027.



Voss Hardanger

Vestlendingane si eiga miljøbedrift!

Få tips til å sortera rett på sortere.no

birvh.no | 56 52 99 00 | birvh@bir.no



SAMAN
FOR EI GOD SAK

Foto: Svein Ulvund

Reinhaldsnytt frå kommunen

Tekst og foto: Eldbjørg Stenberg, leiande reinhaldar i Eidfjord kommune

Litt om eit grønar skifte i Eidfjord kommune

Det vart i haust installert ny electrolux moppevaskemaskin i idrettshallen, her med automatisk kjemikaliedosering. Kort fortalt vil dette sei at me ikkje treng å tilsetja vaskepulver manuelt i maskina, men det vert automatisk dosert. Automatisk kjemikaliedosering går inn under eit grønt miljøtiltak ved at nye maskiner sjølv vil finna ut av kor mykje vaskemiddel dei treng, då dei veg moppar og klutar sjølve. Kanskje mange allereie har investert i dette sjølve heima? Det er òg mange andre fordelar med dette systemet. Moppar og klutar får mindre slitasje enn ved pulver, reinhaldarane vert verna om si eiga helse med å forebyggja hud og allergiplager. Ikkje minst sparar ein miljøet ved bruk av mindre vatn, samt mindre skum som vil forlenga levetida til maskina. Til sist er det òg ei økonomisk vinning og god investering. Automatisk kjemikaliedosering er også installert på moppevaskemaskiner på Lægroid skule og Samfunnshuset. På sikt er planen at ein også delvis vil montera automatisk kjemikaliedosering på innkjøp av nye moppevaskemaskiner.

Forutanom bruk av mindre kjemikalier generellt har Eidfjord kommune også hovudsakleg fokus på bruk av microfiberklutar og microfibermoppar. For å fjerna bakterier og mesteparten av virus er det

nok med godkjende microfiberklutar på ulike overflatar. Dette vil også skåna helsa for reinhaldarane og forlenga overflatene til å vera fine og slette lengre. Der det trengs meir kjemikalier er det best om ein sprayer direkte inn i kluten og ikkje ut i lufta. Dette for å forhindra aerosoler å breia seg ut over i rommet, som kan vera med på å skada lungene våre.

Me har gått til innkjøp av Taski Twister diamantpads, som er ein innovativ metode for reinhald og harde golv. Dei er impregnerte med mikroskopiske diamanter i ulike grader. Dei kan skura, reingjera og polera golva i ein og same prosess. Grunna den store slitestyrken har dei mykje lengre levetid enn tradisjonelle pads, og består mellom anna av resirkulerte flaskekorkar. Taski Twister pads gjer også att me bruker mindre kjemikalier for oppskuring av golv, sparer tid, gjer betre overflater og aukar trivselen for alle.

Feiring av reinhaldars dag

Kvart år, den fyrste måndagen i desember månad, er det reinhaldars dag. I år fell datoen på 4. desember, og vert markert nasjonalt for 23.gong. Eg oppmodar dykk alle til å rosa reinhaldarane ekstra denne dagen for den viktige jobben dei gjer. Utan reinhald stoppar alt anna arbeid opp. I år som i fjor vil me feira reinhaldarne med ekstra merksemd denne dagen her i



Automatisk kjemikaliedosering.

Eidfjord kommune. Dagen vart i fjor markert med kake for reinhaldarane.

I skrivande stund kan eg meddela at me har tre tilsette i reinhaldsteamet som skal opp til den skriftlege fagprøva i reinhaldsoperatørfaget. Eg ynskjer desse stolt lukka til på vegen vidare med sjølvutvikling og kompetanseheving på vegne av Eidfjord kommune.

Eg vil samstundes takka alle våre reinhaldarar, både fast tilsette og vikarar, for jobben de gjer. De skal vera stolte over den viktige jobben de gjer for ALLE saman.

Dersom nokon ynskjer meir informasjon eller har spørsmål kring reinhald, ta gjerne kontakt med undertekna.



Frå fjorårets feiring av reinhaldars dag.

Sysendalen reinseanlegg

Som sikkert mange har fått med seg har det for ei tid tilbake vorte vedteke at det skal byggjast nytt avlaupsreinseanlegg i Sysendalen. Dette er eit stort og komplisert arbeid som vil halda på i fleire år fram i tid før det er ferdigstilt.

Tekst og foto: Arne Bu

Det har i store deler av 2023 vore ulovleg å knyta seg til avlaupsnettet i Sysendalen. Dette har vorte kalla tilknytingsstopp. Bakgrunnen for tilknytingsstoppen er at dagens reinseanlegg er belasta meir enn dei er bygde og godkjende for. Det er sjølv sagt ikkje gunstig at ein har kome i ein slik situasjon.

Eidfjord kommune har freista å få gjennom mellombelse og avbøtande tiltak slik at ein knyta til nye hytter fram til nytt reinseanlegg på gommakvile står klart. Dette er tiltak som skal godkjennast av Statsforvaltaren i Vestland. No er godkjenninga på plass og arbeida er i gang. Me satsar på at den mellombelse løysinga skal vera i drift før jolehøgtida. Det er nemleg

kun i høgtider og feriar at belastinga på dagens reinseanlegg er for stor. I dag har kommunen reinseanlegg langs Lisetvegen og på Maurseth.

Dersom alt går etter framdriftsplanen vil arbeida med tilrettelegging for det nye reinseanlegget starta opp til våren 2024.



Eidfjord gatebilete:

Ta ein digital tur i bygda!

Mange av dykk har truleg nytta Google street view til å sjekka korleis det ser ut på ulike stader. Ser ein på norgeskartet kan ein ferdast digitalt i mang ein by, gater, stiar og skianlegg. No kan du gjera det same i Eidfjord!

Tekst og foto: Forvaltningsavdelinga

Tilgang på teknologi og smarte løysingar kjem nærare og nærare. Eidfjord kommune gjekk i haust til anskaffing av eit enkelt 360-kamera for å kunna gjera områder tilgjengelege i Google street view. Me har gjennom hausten testa kamerate på nokre vegparsellar, og fått lagt ut 360-bileter i Google Street view.

Ein kan spørja seg kva ein skal med 360-bileter av Eidfjord sine gater og vegar. For administrasjonen i kommunen er dette eit godt verktøy på mange måtar. I saks- handsaminga vert gatebileta nytta som ein sjekk, dersom me ikkje er sikre på småting. For parsellane Google sjølv har køyrt i ei årrekke, kan me sjå attende i tid på eldre 360-bileter. For personell som ikkje kjenner kommunen godt eller som arbeider på fjernkontor, vil ein ved få tastetrykk få eit godt inntrykk av korleis områder og landskap er utforma og nytta. Ingenting slår ei god synfaring, men dette sparar oss reisekostnader for innleigd personell.



Hjølmoberget, nedre.

På sikt når ein opparbeidar seg biletmateriale, vil ein gjennom Google street view kunna sjå historikk. Ein vil kunna sjå korleis områder har utvikla seg gjennom åra. I dag ser me på flyfoto heilt attende til 70-talet. Det er etter den tid teke jamnlege flybilete som me i dag nyttar aktivt i handsaminga

vår. Gatebileta via Google street view vil forhåpentlegvis yta same funksjon for dei som kjem etter oss.

Sjekk ut Eidfjord på Google street view, det er kome nokre tilskot i kartet, og fleire kjem med tida...



Tinnhølen.

Hausten i Eidfjord kyrkje

Tekst og foto: Manuela Bjørveit

Eidfjord kyrkje har som motto å vera ein naturleg del av kvardagen i Eidfjord. Det prøver me å få til med ulike arrangement i løpet av året. Det skal vera tilbod for alle aldrar i løpet av eit år. Nokre tilbod er berre ein gong i året, som som til dømes hausttakkefest kor alle 4-åringane får ei bok, eller "fyrsteklasses", der alle nye 1. klassingar vert inviterte til festmiddag. Andre tilbod er oftare. Kvar onsdag er alle småbarnsforeldre inviterte til småbarnskafé. Åtte gongar i året inviterer me til «ferie utan koffert» og til «minikyrkje». Det er kjekke arrangement både for dei eldste, og for småbarnsfamiliane i bygda vår.

Vil du veta meir om kva som skjer i Eidfjord kyrkje, finn du meir informasjon på heimesida vår eidfjordkyrkje.no eller på facebook: «Eidfjord kyrkje». Alle er velkomne til å vere med, om ein er medlem i den norske kyrkja eller ei. Dei fleste tilboda er gratis. Har du spørsmål kan du alltid ta kontakt med ein av oss som jobbar i kyrkja.



Ferie utan koffert: – eit tilbod for pensjonistar, og alle andre som har lyst til å vera med.



Fyrsteklasses!: – festmiddag for alle 1. klassingane i lag med fylgje.



Minikyrkje: – eit tilbod for alle familiar med born i barnehagealder, og fyrsteklassingane.

EIDFJORD KYRKJE I DESEMBER

- 03.12** Jolekonsert med Toneskredo kl. 18.00
- 05.12** Ferie utan koffert kl. 10.00
- 06.12** Småbarnskafé kl. 11.00
- 07.12** Minikyrkje kl. 16.00
- 10.12** Ljosmesse kl. 18.00
- 12.12** Adventsamling for dei største i barnehagen kl. 10.00
- 12.12** Joleverkstad for småtrinnet kl. 14.00
- 13.12** Småbarnskafé kl. 11.00
- 19.12** Adventsamling for dei minste i barnehagen kl. 10.00
- 19.12** Adventsgudsteneste for skulen kl. 12.30
- 20.12** Småbarnskafe kl. 11.00
- 24.12** Jolegudsteneste kl. 16.00
- 25.12** Høgtidsgudsteneste kl. 12.00

NYTT SOKNERÅD I EIDFJORD

- Kari Tveit Hovland (Leiar)
- Hans Hellevang (Nestleiar)
- Hilde Anette Oksavik Bu
- Kjellaug Enge
- Ole-Johnny Odland
- Gunn Karin Aurdal Kjerland
- Ann Kristin Steinhovden Wathne (Varamedlem)

Førebyggjingskoordinator

Eg ynskjer å fortelja litt om mi stilling som førebyggjingskoordinator i Eidfjord kommune. Dette er ei nyoppretta stilling som er delt i to ulike delar. Ei 50 % fast stilling i Eidfjord kommune med folkehelse-, og barne- og ungdomsarbeid. Den andre 50 % stillinga er ei prosjektstilling som ruskoordinator. Denne vert lønna gjennom fylkeskommunale midlar.

Tekst og foto: Kari Læg Reid

Som folkehelsekoordinator arbeider eg med å fremja god helse til alle innbyggjarane i Eidfjord. Eg arbeider strategisk med å laga ei folkehelseoversikt, og vil kunna vera ein ressurs for planavdeling når det gjeld folkehelseperspektivet. I tillegg er det praktisk organisering av gode folkehelsestilbod for alle aldersgrupper. Dette vil seia å organisera og annonsera tiltak som styrketrening, babysymjing og liknande.

Når det kjem til barne- og ungdomsarbeid har eg ansvar for det førebyggjande arbeidet. Det vil seia å vera eit bindeledd mellom ulike tenester som arbeider førebyggjande for born og unge. Her vil eg kunne setja i gang tiltak, skaffa midlar og generelt vera ein ressursperson. Eg vil delta i kommunalt og interkommunalt arbeid med førebyggjing som tema. Her kjem òg organisering av det felles rusfrie arrangementet inn, slik som den rusfrie 16. maifeiringa. Vidare har eg det overordna ansvaret for ungdomsklubben, og som sekretær for ungdomsrådet.

Når det kjem til ruskoordinatorstillinga vil mine oppgåver vera eit lågterskeltilbod for enkeltbrukarar. Dette kan vera enkeltbrukarar som har rusmiddelproblematikk, og som ynskjer ei endring i sin livssituasjon. Eg vil då samarbeida tett med psykiatrisk sjukepleiar, lege og NAV. Eg vil bistå pårørande ved behov, og kan hjelpa dei med til dømes kvar dei kan søka hjelp. Dette gjeld både vaksne og born. I tillegg er det ein førebyggjande del retta mot born og unge, der eg skal vera synleg for ungdommen i det førebyggjande arbeidet. Her passar det godt at eg då allereie er ein del på ungdomsklubben, og arrangerer den rusfrie 16. mai-feiringa. Det er òg planlagt



oppstart av eit interkommunalt samarbeid med Ulvik når det kjem til rus/psykiatri.

Som de les her har eg ein variert arbeidskvardag med ulike ansvarsområde, samstundes heng dei tett saman. Store delar av oppgåvene går på dette med førebyggjande arbeid. Mitt ynskje er at det er ein svært låg terskel for å ta kontakt med

meg om forslag til eller tilbakemeldingar på aktivitetar. Når det kjem til ruskoordinatorstillinga, er det som sagt eit lågterskeltilbod. Dersom du som enkeltperson har, eller veit om nokon som har utfordringar med rus, ynskjer eg å vera ei støtte i kvardagen for deg.

E-post: kari.laegreid@eidfjord.kommune.no

10 år etter bruopning: Hugsar du folkefesten?

Den 17. august 2013 var ein stor dag. Endeleg bruopning, etter mange år med motstand og nedturar. Vêrgudane spelte på lag. Eidfjord var i raudt, kvitt og blått – alle flagga. Mykje folk i sentrum, frå tidleg morgon – berre forventningsfulle eidfjordingar å sjå. Shuttlebussane stod oppstilte. «Bunadsbuss» til Bu, full av festkleddedde kvinner. Denne dagen var bunaden festplagg – kampen var vunnen.

Tekst: Aud Opheim Lygre

Bussane var fulle. Alle ville til Bu. Statens vegvesen hadde sett opp bussar frå Eidfjord, Kinsarvik/Lofthus, Granvin og Ulvik. Der parkerte folk og tok bussen vidare til ei bru som denne dagen skulle hyllast av alt folket som hadde kjempa ho fram.

Gåturen ned gangvegen til brua: Det skein i nypussa sølv. Folk stansa opp og gratulerte kvarandre. Det var så mykje glede! Det var så mange smil!

Så låg brua der – med sin slanke og vakre konstruksjon i stål mot steile fjell. Det dyktige bygdekvinnelaget på Ringøy/Bu hadde teke initiativ til bunadstog over brua. Hektisk aktivitet i bruportalen. Skauting og songøving – media filma og intervjuja.

Opptoget starta. Jonsokbrurer, bunadskvinner og bunadsmenn, eldsjeler og støttespelarar: Alle tok sine fyrste steg ut på ei ny og ubrukt bru. Klare og glade røyster: «Høyr på oss, sjå på oss, no her i dag. Me jublar for brua og gler oss i lag». Songen ljoma utover det vakre

fjordlandskapet og ned mot ferja som gjekk ein av sine siste turar.

Den formelle opningsfesten i Vallavik: Stor scene, tre storskjermar – mange tusen tilskodarar. Arne Hjeltne leia programmet, med både nasjonale og lokale artistar.

På brua etterpå: Samferdselsminister Liv Signe Navarsete siterte Olav H. Hauge «Det er den draumen me ber på» og klypte snora. Ballongane steig mot himmelen. Kortesen med veteranbilar var dei fyrste bilane over brua. Sist i rekkja: Den nyrestaurerte og flotte veteranbussen frå Eidfjord. Prominente gjester let seg alle imponera over den fine markeringa som dei mange tusen frammøtte medverka til.

Folkefesten heldt fram i Eidfjord: «Smaken av Hardanger/Voss» vart presentert i sentrum. Ungane koste seg på aktivitetane i Ostangen. Kulturskuleelevar frå heile regionen gledde alle med song, dans og teater – før Odd Nordstoga og Ingebjørg Bratland overtok scena på 1000-årsplassen. God stemning! Den andre type «bunad» denne

dagen var turkise t-skjorter med bilete av brua – på baksida stod teksten «endeleg ferjefritt».

Det var så vidt tid heim og snu før kulturarrangementet i idrettshallen, med flinke musikarar og dansarar frå Eidfjord, Ullensvang, Ulvik, Granvin og Voss. Arne og Sjur Hjeltne var humørfylte programleiarar.

Så var det dans – med Strók frå Ulvik, Twang Gang frå Voss og Gunslingers frå Kvam. Folk frå heile regionen feira i lag. Bunadsstakkane fekk svinga seg til langt på natt – berre avbrotne av eit sprakande fyrverkeri. Shuttlebussane frakta folk trygt heimatt, utan at nokon måtte sjekka ferjeruta.

17. august 2013 – ein dag for minneboka.

Hardangerbrua 2023: No har eg autopassbrikke, køyrer gjennom den blå tunnelen, ut på brua og «svevar» over fjorden til alle døgnets tider og synest det er like fint kvar gong!



Informasjon ved Aud Opheim Lygre før prosesjon. Foto: Per Frode Bu

Hardangerbrua 10 år

Det er 10 år sidan Hardangerbrua vart opna den 17. august 2013, og gjorde vegen kortare og raskare til omverda. Voss var nok handelstaden og regionsenter for mange lenge før brua kom. Med brua vart omverda større, og me fekk døgnoopen veg til det viktigaste omlandet vårt.

Gerd Bu – for styret i Bu og Ringøy bygdekvinnelag 2013.

Opninga skulle feirast i Vallavik. Bygdekvinnelaget vart av Statens vegvesen spurd om å ha stand og eventuelt selja noko. Dette takka me nei til. Me ville gjera noko spesielt og markera kor viktig brua vart opplevd for oss som bur her i området.

Ideen kom om å gå over brua frå Bu til Vallavik i bunad, samstundes ville me slå eit slag for skautet til Hardangerbunaden – tenk kor godt skautet ville visa att. Skautet som symboliserer fjellet, fonna og fjorden.

Me bur i eit fantastisk flott område, og no fekk me i tillegg verdas 7. største hengjebri å visa fram. Organisasjonen «Hardangerbru med betre vegar» reiste i 1996 til stortinget med bunadskledde kvinner i fleire bussar. Dette bygde me no vidare på.

Me inviterte vidt og breidt og sende eigen invitasjon til bygdekvinnelaga rundt fjorden. Alle vart oppmoda om å vera med og feira opninga med å møta i bunad og skaut. Dei som ville ha hjelp til skauting

kunne kontakta Alis S. Bjotveit. Nokon hadde skaut frå bestemor, men ingen bunad, og ville vera med. Entusiasmen me møtte var stor. Me hadde skautakurs i Bu grendahus før opninga. Dei som ikkje kunne skauta seg sjølv ville få hjelp til dette. Av Statens vegvesen fekk me nytta tunellportalen på Busida. Me køyrde ned stolar og bord, og hadde portalen som møteplass. Her var kvinner som hadde erfaring med skauting, og desse var i fullt arbeid før me skulle gå over brua.



Song for Hardangerbru. Foto: Per Frode Bu



Skauting i portalen. Foto: Per Frode Bu

Mange kom i bunad – både kvinner og menn. Dei fleste hadde skauta seg sjølv, medan andre fekk skautet på i tunell-opninga. Anne Lutro hadde med seg fem jenter i jonsokbrurebunad frå bygdene omkring. Leiar i bygdekvinnelaget Gerd Bu heldt ein liten velkomstale før Aud Opheim Lygre fortalde om «Kvinner for Hardangerbru», som i 1996 reiste i fleire bussar til Stortinget og demonstrerte i bunad under parolen «Kvinner for Hardangerbru». Dei hadde laga songen «Til Hardangerbru». I 2006 feira dei bruvedtaket og arbeidet dei hadde gjort i denne saka. Songen «Til Hardangerbru» skreiv me litt om, og den vart songen i toget over brua.

Det vart ein flott dag med nydeleg vêr og ei storstilt feiring. Mange gode innslag i Vallavik, og vidare ein festdag i Eidfjord.

Til lukka til oss alle med Hardangerbru og alt positivt den har ført med seg. Me har

fått gang- og sykkelveg heilt frå Vallavik til Indre Bu og til Skrebekken. Denne vert nytta både av lokalfolk og turistar. Gang- og sykkelvegane har flotte tunellar med regnbogar som ljoskjelda. Dette er ein fasinasjon – spesielt for dei små. Ein tur over brua er ei mektig oppleving, både på godvêrsdagar og i ruskavêr. Bussterminal på Bu gjer at skuleelevane har fått kortare veg til Voss og kan bu lenger heima. Du som passasjer kan velja om du vil til Voss, Odda eller Geilo.

Med den entusiasmen me møtte når det gjaldt skaut, vart det naturleg å følgja dette opp. Felling av skaut viste seg å vera eit raudlista handverk. Bu og Ringøy bygdekvinnelag har ilag med Hardanger Folkemuseum og Folgefonn husflidslag arbeidd i fleire år med å få nokon til å læra kunsten å fella skaut. Det er ikkje minst viktig at me som har skaut i skuffer eller skap tek dette fram, og nyttar det når me kan.

SONG TIL HARDANGERBRUA (mel. Tyralleri)

Me bur i Hardanger og her vil me bu
Stortinget sa ja – eit Rungande JA!
For Framtida vår har me voner og tru
Med JA til Hardangerbru

Høyr på oss, sjå på oss, no her i dag.
Me jublar for brua og gler oss i lag
Me byggjer bru – me byggjer bu
Hurra for Hardangerbru!

Me trekte i bunad – igjen og igjen
Kvinner for bru – sterke i vår tru
Me spela på heilt andre strenger enn
menn
For mjuke verdier me brenn!

Til Stortinget for me – med heile vår tropp
Og sikkerhetsvakten – han måtte gi opp
Me toga inn – sterke i sinn
“Den som vil mest – han vann”.

Brua er ferdig – med stål i sin kropp
No står me her – med bunaden på
Ei takk går til alle – som ikkje gav opp
Det kunne så fort – blitt stopp.

Men - Høyr på oss, sjå på oss no her i dag.
Me jublar for brua og gler oss i lag.
Me har fått bru – me har fått bru.
HURRA FOR HARDANGERBRU!!

Informasjon om hukommelsesteamet i Eidfjord kommune

Eidfjord kommune har oppretta eit hukommelsesteam, som består av leiar ved demensavdelinga (koordinator), leiar for heimetenestene, ergoterapeut, psykiatrisk sjukepleiar, og eit nært samarbeid med fastlegen.

Tekst: Ergoterapeut Eva Meland

Hukommelsesteam er eit tilbod til personar med hukommelsesvan-skar, ved mistanke om demens og for personar med demens, samt deira pårørande.

Dette er eit lågterskeltilbod. Det vil seia at det ikkje er naudsynt med tilvising frå anna helsepersonell eller fastlege for å ta kontakt.

Målet er at fleire personar med symptom på demens skal få tilbod om utgreiing slik at ein eventuelt får stilt diagnose og avklara demenstype. Samstundes ynskjer ein å få skilt mellom kognitiv reduksjon og svikt som kan opptre ved normal aldring og somatisk og/eller psykiatrisk sjukdom.

Demensutgreiing er ein føresetnad for å kunne gje hensiktsmessig behandling og omsorg. Tidleg diagnose gjer det mogeleg

for personar med demens å ta avgjersler for framtida, som er viktig for dei.

Hukommelsesteamet kan:

- Lytta til deg og familien din
- Kartleggja og utgreia i samarbeid med fastlegen
- Gje råd og rettleiing
- Finna praktiske løysingar i kvardagen, inkludert formidling av hjelpemidler og velferdsteknologi
- Informera om tilbod og tenester

For å koma i kontakt med hukommelsesteamet kan du ta direkte kontakt med personane i teamet eller ringa til sentralbordet på Bygdaheimen, som vil formidla vidare til koordinator.

Læringsnettverk

Eidfjord kommune har delteke i læringsnettverk om demensforløp, 2022–2023, i

regi av Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester (USHT). Her har ein dedikert gjeng jobba med å utvikla systematisk oppfølging for personar med demens og deira pårørande. Arbeidet er knytt opp til hukommelsesteamet.

Ei av oppgåvene var å laga ein poster som syner kva ein har arbeida med. Føremålet var å laga ein poster som er lett å forstå, og som får fram kva ein har arbeida med på ein oversiktleg måte. Posteren vart vurdert av ein jury, som mellom anna såg på design, layout, språk, bilete og illustrasjonar. Vurderinga danna grunnlaget for ein posterpris.

Av dei til saman 10 kommunane som deltok i læringsnettverket, og som konkurrerte om posterprisen, vann Eidfjord. HURRA! Premien er heider og æra, og eit besøk av USHT kor dei tek med seg ei stor, flott pasienttryggleikskaka.



Foto: Britt Conny Hagen



Foto: Anne Kommedal




Foto: Elsa Maria Garatun



Foto: Heidi Herstad Prestegård



Eidfjord kommune skal sikre

GOD INDIVIDUELL OPPFØLGING

til heimebuande personar med demens og deira pårørande

**MÅL**

Hukommelsesteamet i Eidfjord kommune skal gjennom fast kontaktperson tilby systematisk kartleggingsbesøk til alle som har fått ein demensdiagnose innan 2 veker etter tilvisning




Foto: Katrine Helle Riber

Tiltak utarbeid

- ✓ Utarbeidd retningslinjer for kontaktperson i HUK-team
- ✓ Utarbeidd mal for kartleggingssamtale og besøk
- ✓ Oppdatert brosjyre
- ✓ Oppdatert informasjon om HUK-teamet på kommunen si heimesida
- ✓ Laga infobrev til brukarar og pårørande



Alle som vert tilvist hukommelsesteamet skal få tilsendt infobrev/brosjyre innan 1 veke etter tilvisning.



Hukommelsesteamet skal etter tilvisning ha møte og avklare kontaktperson innan 2 veker.




Kontaktpersonen skal ta kontakt og avtale tid for kartleggingsbesøk innan 2 veker etter tilvisning.

Vegen vidare..

- System for dokumentering i journal både før og etter kartleggingsbesøk – samarbeid med IT-avd
- Gjennomføre målingar ved tilvisning til Hukommelsesteamet
- Vidare samarbeid med legekantoret angående tilvisningar til HUK-teamet
- Gjere hukommelsesteamet meir kjent i kommunen

Målingar

Ingen målingar pga manglande tilvisingar til teamet i måleperioden



Kva er viktig for deg?

Medlem av team: Randi Lægred, Eva Meland, Solveig Liseth Vik, Elisabeth Hovland

Sima kraftverk: 50 år sidan NVE-Statkraftverkene fekk konsesjon

I samband med at det 18. mai 2023 var 50 år sidan NVE-Statkraftverkene fekk konsesjon for utbygging av Eidfjord Nord og Sima kraftverk, inviterte Kraftverksgruppa til open dag i Sima 25. mai.

Av Vidar Riber

Samling av fallrettar – tidlege planar

Byrjinga av vasskraftutbygginga i Norge kan delast i to kategoriar. Nokon kraftverk vart bygd for allmenn forsyning, medan andre vart bygd for kraftintensiv industri. Industri med elektrisk kraft som ein viktig innsatsfaktor vart ofte bygd nær ei vasskraftkjelde. Slike industristadar nærast Eidfjord, er Ålvik i Vest og Tyssedal/Odda i Sør. I Ulvik og Eidfjord vart fallrettane i Osavassdraga, Sima og Veig kjøpt av private medan rettane i Bjoreia vart kjøpt av staten. Det vart aldri etablert kraftintensiv industri i Ulvik eller Eidfjord. I Osa vart kraftutbygging byrja og stoppa to gonger, i 1917 – 1925 og under siste verdenskrig. Under krigen kom arbeida så langt at det vart laga fire turbinar i tidlegare Aust Tyskland, som skulle til Osa. Desse vart etter krigen overført til Sunndalsøra og montert i Aura kraftverk, der dei framleis er i bruk. Falla i Sima skulle etter planen byggjast ut og utnyttast i eit jernverk, men dette vart heller ikkje påbegynt.

I slutten av 1950-åra vart det vurdert om staten og Norsk Hydro skulle make-skitte sine fallrettar i Eidfjord/Ulvik – med Røldal/Suldal, slik at NVE-Statkraftverkene kunne konsentrere seg om indre Ryfylke, og Hydro kunne satse på kraftintensiv industri i Hardanger. Hydro tok eit val om å halde på sine rettar i Røldal/Suldal og satse på aluminiumsverk på Karmøy. I åra 1959–1963 var det stor satsing på ny kraftintensiv industri. Det var planar om fem nye aluminiumsverk på Vestlandet. På Sør-Vestlandet vart tre av dei bygd; Husnes, Karmøy og Lista, men det kom ingen fleire lenger nord. I samband med Eidfjordutbygginga var det ei viss kobling

til ny kraftintensiv industri i vertsfylket, og eit aluminiumsverk på Mongstad vart nemnt.

Kvifor tok det så lang tid før dei store og gunstige vasskraftressursane i Eidfjord og Ulvik vart tekne i bruk? For å finna svaret må ein sjå på kva som påverka utviklinga av vasskraftressursane i Noreg. Kostnadene med å byggje ut vasskraft medfører grovt sett to ting, kraftutbygging og kraftoverføring. Det var teknisk mogeleg å overføre kraft frå Eidfjord mange tiår før 1980, men kraftressursane i Matre låg nærare Bergen og dei i Hallingdal låg nærare Oslo. Uavhengig av teknisk utvikling, så var det riktig å byggje ut dei mange nære kraftverka fyrst.

Sjølv om kraftutbygging i Ulvik og Eidfjord let vente på seg, så vart likevel noko av vatnet utnytta. Før krigen vart Tinnhølen overført til Numedalslågen, og vatnet

nytta til kraftproduksjon i Numedal. I 1981 vart Tinnhølen leia vestover att for å kunne nyttast til kraftproduksjon i Sima. Dette med grunnlag i en gamal avtale om at, dersom vatnet kunne nyttast på vestsida av vidda, så skulle kanalen i austenden av Tinnhølen stengjast og vatnet leiast vestover att.

Fallrettane i Sima vart kjøpt av staten etter krigen, og fallrettane i Osa og Veig tilfall staten som krigsbytte. I byrjinga av 1960-åra starta planlegginga for utbygging av vassressursane i Ulvik og Eidfjord. Ein vurderte den gong eit stort område langt innover Hardangervidda og mot jernbanen i nord. Dersom utbygginga hadde kome i gang tidlegare, og vore retta mot kraftintensiv industri, så ville installasjonen vorte mindre på grunn av det jamne forbruket. Takka vere «utsetjinga» så unngjekk ein ei slik utbygging. I samband med planlegging av utbygginga



Skinnelegging sjakt februar 1977.

av Eidfjord nord og syd såg ein for seg eit landsomfattande samkøyringsnett, og dermed kunne ein utnytte to store fordelar; nemleg stor fallhøgde og kort avstand til fjorden. Dette bidrog òg til korte vassvegar og maskininstallasjonen vart billig. Dette er m.a. årsaken til at installasjonen i Sima er spesielt stor.

Kraftverket som i dag er plassert i Simadal er berre ein del av det NVE-Statkraftverkene søkte konsesjon på i 1968. Den opphøvelege planen for utbygging i Eidfjord/Ulvik, som vart kalla Eidfjord nord og syd, var eit gigantisk anlegg med ein berekna produksjon på nær 6 terawattimar.

Det var på teiknebrettet fleire kraftverk i Osa, eitt i Øvre Eidfjord, eitt på Sysen og eitt i Erdal, med fleire dammar i Viveli, Veigdalen, Busete og Sysen, i tillegg til dammar i Osafjellet.

Det skulle førast vatn heilt i frå Kinsarvik i sør og i frå Hallingskeid i nord. Det var òg planlagt tilførselsvegar til fleire av anlegga og dammane i fjellet. Alle desse tiltaka representerte store inngrep i urørd natur, og fleire av desse områda kan ein vel sei er indrefiletten av det Hardangervidda kan på.

Dette var på ei tid då interessa for natur og miljøvern var sterkt veksande. M.a. på bakgrunn av det så vart søknaden til NVE-Statkraftverkene grundig handsama i departement og regjering. Den vart lagt fram for Stortinget til endeleg handsaming 18. mai 1973. Konsesjonen med vilkår som Stortinget vedtok, vart redusert til 47 % av det som var søkt om. Dette medført mellom anna at NVE-Statkraftverkene måtte revurdere sine planar og det vart bestemt at ein ville lokalisere all kraftproduksjon i ein stor kraftstasjon i Simadal.

I 1977 vedtok Stortinget å opprette Hardangervidda nasjonalpark, noko som m.a. medførte varig vern av fleire av dei store vassdraga som Veig og Kinso.



Steinbrudd Langvatn september 1977.

Eigarskap

Om lag i 1970 framkom det krav om at vertsfylket skulle vera medeigar i statlege vasskraftutbyggingar. Eidfjord/Ulvik var den fyrste utbygginga som fekk eit slikt vedtak. Hordaland fylke fekk tildelt 35 % mot å dekkja tilsvarande del av kostnadene med investering og drift. Mange fylke hadde på den tid eit fylkesverk, men ikkje Hordaland. Fylkeskommunen vedtok at Eidfjordandelen skulle overførast til dei to store regionale kraftselskapa Bergenshalvøens Kommunale Kraftselskap (BKK) med $\frac{3}{4}$, og Sunnhordaland Kraftlag (SKL) med $\frac{1}{4}$.

Sima kraftverk

Sima kraftverk produserer i snitt om lag 3 terawattimar i året. Dette genererer store inntekter til fellesskapet og er eit viktig bidrag til norsk kraftforsyning. Eidfjord og Ulvik kommunar har òg store inntekter i form av skattar og konsesjonskraft. For Eidfjord betyr Sima Kraftverk mange trygge og spanande arbeidsplassar. I snitt har det vore – og er – 25–30 årsverk på kraftverket og fiskeanlegga.

Dette synes me var verd å markere med ein open dag i Simadal, der bygdefolket i begge kommunane vart invitert.

Veret var eit spenningsmoment i timane før opning klokka 14:00, men med god innsats frå alle tilsette fekk me opp både telt og hoppeslott.

Me serverte grillmat, kaker, kaffi, brus og is i teltet. For ungane var det fleire aktiviteter som luftgeværskyting, fotballbane, hoppeslott, ansiktsmåling, sumodrakter og bumperballer.

I visningsbygget informerte kraftverkssjef Vidar Riber litt om historia rundt Sima kraftverk og Statkraft, før det vart vist film frå utbygginga. Etter filmen var det mogleg å følgje buss inn i stasjonen for guida omvising i stasjonshallen.

Det var ekstra kjekt å få besøk av tidlegare anleggsarbeidarar som deltok i utbygginga på 70-talet. Mange gode minner dukka opp då dei fekk sjå den gamle anleggsfilmen og vitja kraftverket dei var med å byggja.

Trass dårleg vêr var det likevel ein stad mellom 250 og 300 som tok turen til Sima denne ettermiddagen.



Reisebrev frå Eidfjord Turlag

Hyttetur til Sandhaug og Besso

14.–16. juli 2023



Frå Sandhaug mot Besso.

Ein nydeleg fredags morgon i juli møtte ein forventningsfull gjeng opp på Tinnhølen. Eidfjord Turlag skulle ha sin fyrste overnattingstur saman med deltakarar. Anne og Atle var turens turleiarar og hadde lagt opp til ein fin tur innover vidda. Me hadde sjølvstilt bestilt sol og fint vêr, noko me fekk på fredagsmarsjen.

Tekst og foto: Eidfjord Turlag

Turdeltakarane kom frå Sandefjord og Florø. Det var ulik kjennskap til fjellet, men ingen av dei hadde vandra på Hardangervidda før. Me var alle forventningsfulle på helga me skulle ha på fjellet.

Me tok oss god tid innover til Sandhaug, med gode pausar i solsteika. Me nøyt rett og slett livet på vidda. Me skulle kun rekka middag på Sandhaug i 19-tida, og det var ingen hastverk. Når me kom til Sandhaug fekk me tildelt romslege rom. Me slappa

av i sofakroken og nøyt livet på fjellet, før me til middag fekk servert viltgryta med reinsskav. Det er ingen tvil om at maten smakte.

Laurdagen vakna me til ruskevêr utanfor vindauget. Dagens etappe var kort, me skulle berre frå Sandhaug til Besso. Det blas og regna. Me pakka oss inn i regnkle og sette kursen mot Besso. Det vart ein kort pause på turen, før me trakk inn i varmen på Besso. Me hadde ambisjonar om



Vakkert turvêr.

å fiska i Lågen og gå tur i høgdene rundt hytta, men med sterk vind og godt regnvêr var det meir freistande å sitte inne framfor peisen. Timane gjekk i godt selskap, gode samtalar og nokre røvarhistorier kom

fram. Til middag fekk me servert sjølvfiska aure, som smakte aldeles nydeleg.

Sundagen kom, me pakka oss ut og sette nasen mot Tinnhølen. Det var opphaldsvêr på fyrste etappe. Me tok ein tur innom Sandhaug for å helsa på, og vandra så vidare. Det blas opp på vegen og regna. Heldigvis hadde me medvind.

Vel attende på Tinnhølen var det fleire som kjende på meistring; Anne og Atle hadde gjennomført sin fyrste tur som turleiarar, og fleire mindre fjellvande turdeltakarar hadde overgått deira eigne forventningar.

Turlaget sin fyrste overnattingstur på vidda vart ein suksess, og me er klare for fleire turar. På årets tur var det hovudsakleg utanbygdarar med. Til neste år oppfordrar me eidfjordingane til å nytta tilbodet til turlaget. Dersom du er usikker på eigne evner for planlagde turar, ber me deg ta kontakt med turlaget. Me vil strekka oss langt i å tilretteleggja for å få med flest mogleg på tur.

Og du? Me tek gjerne i mot tips og ynskjer om turdestinasjonar.

Snipp, snapp, snute, så var reisebrevet ute.



Humøret kan ingen ta frå oss!

Opning av nytt klatrestativ på Lægreid skule

Fredag 20.10.23 hadde me opning av det nye fantastiske klatrestativet vårt!

Tekst og foto: Hilde Anette Oksavik Bu

Kl 10:10 var alle elevar og tilsette samla på skuleplassen for den offisielle opninga av klatrestativet. Til opninga hadde me invitert nokre viktige medhjelparar; Thomas Eide som har vore pådrivar i arbeidet med å få gjennomført prosjektet med forbe- tring av utearealet, Gunnar Lægreid og Johan Vik som utførte store delar av arbeidet, og ordførar Anders Vatlé. Dei kasta alle glans over arrangementet.

Tusen takk til dykk for jobben de har gjort for elevane og skulen vår, og takk til politikarane som har bidrege med det finansielle.

Dette vart eit av dei siste oppdraga ordførar Anders hadde med ordførarkjede på. Snorklypping vart elegant gjennom- ført av ordføraren på toppen av klatrestativet, saman med elevrådsleiar Torgeir Bu og nestleiar Kaia Herland. Vinden tok godt tak i alle mann, snøfugg fauk i lufta, men klatrestativet vart høgtidleg opna og stod støtt!





Elevmentorane utanfor ungdomstrinnet.

Draumeskulen

I haust starta me opp arbeidet med modellen Draumeskulen på ungdomstrinnet.

Tekst og foto: Læg Reid skule

Draumeskulen er ein modell me nyttar for å jobba systematisk med psykisk helse, livsmeistring og inkludering på

ungdomsskulen. Målet er å skapa eit læringsmiljø kor elevane opplev å bli sett, inkludert og får brukt ressursane sine slik

at den psykiske helsa til den einskilde elev fremjast.

Skuleåret starta med ei felles økt for elevane på ungdomstrinnet. Dei gjennomførte ulike aktivitetar og jobba fram nokre mål for korleis dei vil ha det på ungdomsskulen. Respekt og inkludering vart trekt fram som viktige punkt for å trivast på ungdomstrinnet.

Trivsel handlar også om at det skjer kjekke ting på skulen. Dette sørgjer dei sju flinke elevmentorane våre for. I langfriminutta bytar dei på å vera trivselsleiarar som legg til rette for ulike fysiske aktivitetar. I tillegg lagar dei til ei sosial hending kvar månad. I haust har dei gjennomført ei inspirerende livsgledesamling og ei halloween-feiring. Vidare har dei planlagt stand-up i november og joleaktivitetar i desember.



Livsgledesamling på mediateket.

Ungdomstrinnet hausten 2023

I år består ungdomstrinnet på Lægreid skule av 33 kjekke elevar fordelt på 8.–10. trinn. Her får du eit lite innblikk i nokre av dei tinga me har drive med i haust.

Tekst og foto: Lægreid skule

Båttur med MS Granvin til Ulvik

Fredag 15. september fekk me tilbod om å vera med MS Granvin på tur til Ulvik. MS Granvin gjekk i rute hovudsakleg i indre Hardanger frå 1931 til 1987. I dag er det Veteranskiplaget Fjordabåten som eig den. Elevane fekk høyra om korleis det var då båten gjekk i rute og Ingeborg Hamre fortalde levande om skulevegen sin som bestod av å reisa med MS Granvin. Me takkar for turen!

Valfaget friluftsliv

I år har me starta opp att med valfaget friluftsliv på ungdomstrinnet. Til no i år har me jobba med allemannsretten. Elevane har vore mykje ute på tur. Eine økta gjekk



Båttur med MS Granvin.

me mot Hjellerud for å laga enkle leirplassar med fokus på sporlaus ferdsel. Me driv også på med å læra oss ulike knutar som ein kan få bruk for.

First Lego League

8. klasse skal i år delta i konkurransen First Lego League. Dette er ein teknologikonkurranse der elevane skal delta i ein

robotkamp og presentera eit innovativt prosjekt. I prosjektfasen har elevane fokus på ulike kjerneverdier som til dømes samarbeid, å ha det kjekt og skapa innovative løysingar. I år dreier oppdraget seg om korleis ein kan bruka teknologi for å forbetra formidlinga av kunst og kultur. Me har difor vore på besøk på Norsk Natursenter og galleri Nils Bergslien.



Friluftslivjengen har sett opp enkle leirplassar.

Ord og bilete frå nokre av aktivitetane på Læg Reid skule

Tekst og foto: Læg Reid skule





Tur til Utne.



Skuletur til Utne

«Me begynte med å ta buss frå Eidfjord til ferja i Kinsarvik, så venta me litt og så kom ferja og me tok den til Utne. Når me kom til Utne gjekk me av og så gjekk me opp ein bakke før me kom til Hardanger Folkemuseum. Her skulle me sjå på ei

utstilling. Det var biletkunstnar Ingunn Van Etten og hennar arbeid me skulle sjå på og høyre om. Når me var på museet, åt me maten vår først. Når alle var mett så gjekk me inn i ein stor sal der ei dama fortalte mange historier som me høyrde på. Når me var ferdig med det så fekk me

lov til å velja eit bilde som me skulle prøva å teikna. Når me hadde teikna ferdig og skulle gå, så gjekk me ned igjen bakken og inn på ferja. Me gjekk inn på ein ny buss, som køyrde oss frå Kvanndal til Eidfjord. Og då var skuledagen og skuleturen til Utne over.» (Skrive av Tina, 5. klasse)



Uteskule på mellomtrinnet

5.-7. klasse er så heldige og har uteskule/temaarbeid tre skuletimar kvar onsdag. Me går ulike turar i nærmiljøet, der me av og til lagar bål, mat på bål, har natursti og andre aktivitetar med fokus på læring, samhald og fysisk aktivitet.

Ein elev skriv dette om uteskuledagane våre: «Det er veldig gøy og reise på uteskule, det er ikkje alle skuler som reiser ut på tur. Eg synst at vi må fortsette med det, det er bra at vi kan lufte oss når vi har hatt samfunnsfag. Eg synes det er bra at vi ikkje må ta med mat, men det er gøy og grille mat.»

Uteskule – Bergsliskorane.





Fjelltur mot Attkvelvnuten.




Fellespause på toppen.

Fjelltur hausten 2023

«Først køyrde me buss langt. Det tok lang tid. Når alle var kome fram, gjekk me eit stykke. Så kom me til eit fjell, der stoppa alle. Me leikte tikken og andre leikar. Alle fekk med seg mat til turen og alle kunne ha med seg brus. Det var vind, så me måtte kle oss godt. Dei som ville kunne gå lengre tur mot toppen. Det var litt vanskeleg å gå opp. Det var fin utsikt derfrå. Det er gøy å vera på fjelltur, det er kult. Det var en fin tur!!» (Skrive av Illia, 5. klasse og Maksym, 6. klasse.)

Rein Hardangerfjord

«Me plukka boss langs fjøra, heile skulen var med. Ungdomsskulen gjekk mot kråkeskarvet, mellomtrinnet gjekk mot båthavna, småtrinnet var rundt kjærtveit camping.» (Skrive av Eirik, 6. klasse.)



Frå prosjektet Rein Hardangerfjord.



Mat og helse som fag på skulen

«Mat og helse er for 6. og 9. klasse, og me er så heldige at me går i 6. klasse. Det er veldig gøy og lære å lage mat mens du går på skulen. Det er nokon i klassen som vil bli kokk. For eksempel meg, eg vil bli ein kokk og då elsker eg å lage mat og så har alle i 6. klasse mat og helse som favorittfag.» (Skrive av Live, 6. klasse.)

«Mat og helse er gøy og det er bra for oss å lære og lage mat, fordi nokon av oss vil bli kokk. Då er det bra at dei kan lære å lage mat.» (Skrive av Hanna 6. klasse.)

«Mat og Helse er bra for dei som trenge å vite mer om ting på kjøkkenet, det kan også hindre skader for mange.» (Skrive av Stella, 6. klasse.)



Ivrige gutar i spelekroken.



Biljard er ein sosial og populær aktivitet.

Opning av ungdomsklubben – ungdomshuset Solvang

Tekst: Kulturavdelinga | Foto: Foto Åshild Dønne Eriksen

Huset er bygd i 1930–31, med tilbygg i 1952.

Det var Eidfjord ungdomslag som drifta ungdomshuset. Byggjeprosessen vart starta i 1930 og huset vart opna 2. januar 1932. Dei drifta det i over 100 år før ungdomslaget vart avvikla fyrst på 2000-talet, og Eidfjord kommune overtok. I oktober 1977 vart det etablert ungdomsklubb i kommunal regi i ungdomshuset for aldersgruppa 13–18 år. Desse heldt til i kjellaren. Det var ope to kveldar i veka og hadde godt oppmøte, mest på fredagane då det var dans. I slutten av 1980-åra flytta ungdomsklubben over i Lægreid gamle skule då denne vart pussa opp.

Etter Eidfjord kommune overtok huset har det vorte nytta til ulike føremål, og kommunen har restaurert ein del av bygget. Etter fleire år har huset no fått ei skikkelig oppgradering og vorte omgjort til eit lokale som er midt i blinken for ungdommen, og endeleg er ungdomshuset vorte ungdommane sitt igjen!

For at dette skulle realiserast har kommunen arbeida tett med ungdomsrådet. Her har ungdommane sjølve vore engasjerte, og kome med ynskjer på korleis dei ville ha det. Det er fleire som har vore deltakande for å få dette til, så tusen takk til alle som har bidrege. Når det kjem til det økonomiske har kommunestyret bevilga ein halv million, og i tillegg har me fått stønad frå

Buudir (barne-, ungdoms- og familiedirektoratet), Frifond og Sparebankstiftinga.

Dette har i hovudsak gått til å pussa opp kjellaren, noko som verkeleg var på tide. No er det vorte nytt kjøken og ein skikkeleg fin klubb, med område til ulike aktivitetar. I tillegg har me eit stort areal oppe. Me har fått på plass lyd og ljøs, så dans og ulike andre arrangement er me klare for å halda. Samstundes er det nok ein heil del arbeid for å ferdigstilla alt her. Særskilt i øvste etasje, på loftet, der er det ein fin liten krok som me kan ha som eit lite oppussingsprosjekt saman med ungdommane.

Det vil framover vera eit prøveprosjekt der alle som går i 10. klasse og opp til 18 år vil få eit personleg nøkkelkort. Med dette kortet kan dei låsa seg inn på klubben utanom dei ordinære opningstidene. Då er det kun tilgang til klubbrommet nede med tilhøyrande toalett.

Det viktigaste er at me har eit tilbod for ungdommane der dei kan opphalda seg, heilt utan verken krav eller forventningar til å prestera. Her kan dei komma akkurat som dei er, og gjera det dei ynskjer. Dette med forbehold om at alle oppfører seg fint, både mot kvarandre og ikkje minst tek vare på det flotte lokalet dei no har til rådighet.



Velkomstdrink høyrer med på opningsfest.

SFO treng utkledningskle og anna utstyr

Tekst og foto: Læg Reid skule

På SFO har vi ein fin krok til ulike rolleleik, og no er me på jakt etter meir utkledningskle og anna utstyr borna våre kan bruka i rolleleik. Har du sko, vesker, hattar, finsko, og jakker av alle slag liggande som kunne vere kjekke for born i 1.–4. klasse å

kle seg ut med? Har du liggande gammal reknemaskin, skrivemaskin, koppar og fat av plast og ikkje knusande utstyr til kjøkkenleik tar me gjerne imot det også. Borna elsker å leike ulike yrker og roller så her kan det meste nyttast. Me vert også

glade for store tepper og liknande som ein kan bruke til å byggje seg hus og telt av. Det kan leverast til SFO på Læg Reid skule, eller ta kontakt om de vil me skal hente på tlf.: 46 88 99 81.

Helsing alle oss på SFO.



Sjølv om vi ikkje feirar Halloween i bygda her i Eidfjord, lagar vi mykje fint til ulike markeringar på skule og SFO.



Flotte fuglehus som vart laga på sløyden av born på haustferie-SFO!

ENDELEG KJEM STOLPEJAKTEN TIL EIDFJORD!

KVA ER STOLPEJAKT?

Stolpejakt handler om å leita etter stolper som er satt ut på ulike stader og registrere desse. Når du finn ein stolpe kan du registrere dei digitalt via en app på mobilen. Dette er ein flott måte å få folk i aktivitet.

Me er godt i gang med planlegginga og søker etter samarbeidspartnarar.

Er det din bedrift/organisasjon?

Bedriften din kan leggje inn logo på stolpen og det vil vere mogleg å leggje inn tekst digitalt som Stolpejagarane vil få opp når dei scannar stolpen. Me tek kr. 1000,- per stolpe.

Er di bedrift/organisasjon interessert? Me ynskjer å høyra frå deg før 2024!

Send ein e-post til eidfjord.turlag@dent.no. Ikkje nøl med å ta kontakt ved spørsmål.

Eidfjord Turlag
Bergen og Hordaland Turlag





Ei kaffistund er gull i grunn.

Eidfjord Røde kors omsorg

Tekst og foto: Birgitta Clausen Hjelldegård

I byrjinga av November 2022 var me ein gjeng med frivillige som starta opp med treff for våre nye sambygdingar frå Ukraina. Dette vart til ei gruppe som vart kalla Nabolaget. Me møttes i gamleskulen sine lokale annakvar veke. Formålet var å verta kjent, og kunne få oversikt over kva denne gruppa hadde behov for som nye i bygda. Dette vart svært gode møtepunkt for alle, og mange folk frå bygda ville vera med å bidra. Nokon kom òg med klede/ting som det var bruk for. Etter kvart vart det meir framtrédande at Ukrainarane ynskte å læra norsk og bruke språket i samtalar. Difor tok me opp ulike tema og hadde litt ulike spel og aktivitetar. Dette var populært, og skapte god stemning. Ukrainarane hadde òg kveldar der dei fortalde om landet sitt og laga ulike matrettar. Det har alltid vore godt oppmøte på desse kveldane. Både born, ungdommar og vaksne har vore innom.

Våren 2023 vart det arrangert ulike turar og arrangement. Det har vore besøk på

Evjo aktivitetssenter/historielaget, tur til Dagsturhytta, påske- og aktivitetsdag på Maurset med hjelpekorpsset, tur med veteranbussen til Natursenteret og til Ulvik, og grillfest på Kråkeskarvet.

Me har merka at desse treffa har vore svært fine for alle partar. Det har gjort at folk har blitt kjent med kvarandre og fått eigne relasjonar utenom. Venskap har vorte til. Vi har òg kjent på at bygda har mykje omsorg å gje vidare, og at folk bryr seg om kvarandre.

Difor starta me denne hausten opp Røde kors omsorg i leigde lokaler, i gamle posten i sentrum. Dette tyder at me er organisert i Røde kors, og driv med omsorg og arbeid knytt til migrasjon. Førebels har me to faste møtepunkt. Det er annakvar tysdag partalsveker frå 18.00 til 20.00, og kvar torsdag frå 12.00-14.00.

På desse møtepunktta er alle velkomne. Framleis er det viktig og driva praktisk språktrening, men det er òg svært viktig

med den gode samtalen for alle som vil koma innom. Alle er like viktige.


Me vil bruka lokala til å laga ulike arrangement, som til dømes joleverkstad, målekveldar, foredrag og liknande. Me ynskjer gjerne innspel på kva som kan arrangerast.

Velkomne til Eidfjord Røde kors omsorg!



Frå aktivitetsdag på Maurset.

Oversikt over faste aktiviteter i Eidfjord



Dersom du ynskjer at ditt lag/din organisasjon skal vera med i oversikta over faste aktiviteter, ta kontakt med heimesideredaksjonen.

E-post: heimesida@eidfjord.kommune.no

Sjå oversikt over dei ulike aktivitetane under og på dei neste sidene. Endringar kan førekoma, ta difor kontakt med arrangør for nøyaktig informasjon.

PV = partalsveker | OV = oddetalsveker

BARNEKOR SONGGLEDE

Kven: 4–10 år

Når: 17.00–17.30

Kvar: Kyrkjelydsalen Eidfjord kyrkje

Arrangør: Eidfjord kyrkje

Web: <https://eidfjord.kyrkje.no>

EIDFJORD KULTURSKULE

Kven: Alle

Når: Etter oppsett timeplan

Kvar: Eidfjord samfunnshus

Arrangør: Eidfjord kulturskule

Kontakt: Bjørne Møen kulturskulerektor

Web: <https://eidfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/kultur/kulturskule>

EIDFJORD HISTORIELAG

Kven: Alle

Når: Kvar 2. måndag i månaden

Kvar: Evjo aktivitetssenter NVE-bygge Lægreid

Arrangør: Eidfjord Historielag

Kontakt: Kari T. Hovland

Web: <https://facebook.com/eidfjordhistorielag>

EIDFJORD SKYTTLARLAG

Når: Trening/oppskyting kvar vår. Terminliste på Facebook

Kvar: Skytebanen i Øvre Eidfjord

Arrangør: Eidfjord skyttarlag

Web: <https://facebook.com/eidfjordskyttarlag>

EIDFJORD TURLAG

Kven: Alle

Når: Tysdag (OV) 18.00

Kvar: ikkje fast oppmøtestad

Arrangør: Eidfjord turlag

Kontakt: Anne Kommedal

Web: <https://facebook.com/eidfjordturlag>

EVJO ATKIVITETSSENTER

Når: Måndag, onsdag, torsdag 10.00–14.00

Kvar: Evjo aktivitetssenter

FRIMERKEKLUBBEN

Når: Tysdag 19.00 (2. tysdag i månaden)

Kvar: Evjo aktivitetssenter

FRITIDSKLUBB

Kven: Ungdom 8. klasse – 18 år (7. klasse frå nyttår)
Når: Onsdag 18.00–22.00 fredag 19.00–23.00
Kvar: Eidfjord ungdomshus
Arrangør: Kultur, næring og berekraft
Kontakt: Førebyggingskoordinator, Kari Lægreid
Web: www.facebook.com/eidfjordkommunalefritidsklubb

HARDANGERBRUA MUSIKKLAG

Kven: Ungdom og vaksne
Når: Måndagar 20.00–22.00
Kvar: Vekselvis Eidfjord samfunnshus og Kinsarvik skule
Arrangør: Hardangerbrua musikklag
Kontakt: Marianne Hotle
Web: www.facebook.com/hardangerbruamusikklag

HERREKLUBBEN

Når: Fredag 11.00–13.00 (ein fredag i månaden)
Kvar: Evjo aktivitetssenter

HUSFLIDSLAG

Når: Torsdag 18.00–20.00
Kvar: Evjo aktivitetssenter

JUNIORKLUBB

Kven: Barn 1.–4. klasse
Når: Torsdagar 17.30–19.00
Kvar: Sæbø skule
Kontakt: Helene Bratland

KINO

Kven: Alle
Når: Sundag 17.00 og 19.00
Kvar: Eidfjord kino
Arrangør: Eidfjord kino (EK)
Web: <https://facebook.com/eidfjord.kino>

KVILTELAGET

Når: Tysdag 18.00
Kvar: Evjo aktivitetssenter

LAURDAGSBADING

Kven: Born til og med 4. klasse med føresette
Når: Laurdag 15.00–17.00
Kvar: Eidfjord samfunnshus
Arrangør: Føresette
Kontakt: Eidfjord kommune v/ ass. rektor
Web: eidfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/idrett/basseng

MEKKEKLUBB

Kven: Ungdom 7. klasse og oppover
Når: Alle dagar utanom kommunen si arbeidstid
Kvar: Fellesbygget på Lægreid
Arrangør: Foreldrestyrt

OFFENTLEG BADING

Kven: Alle (sjekk tidspunkt for di aldersgruppa)
Når: Måndag og onsdag 17.00–20.30
Kvar: Eidfjord samfunnshus
Kontakt: Eidfjord kommune v/ ass. rektor
Web: eidfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/idrett/basseng

ONSDAGSMØTEPlass

Når: Onsdag (OV) 11.00–15.00
Kvar: Sæbø skule
Kontakt: Ragnhild Myklatun

PERLEVENNER

Når: Måndag 18.00–21.00 (første og tredje måndag i månaden)
Kvar: Evjo aktivitetssenter

RØDE KORS OMSORG – NABOLAGET

Kven: Alle
Når: Annakvar tysdag (PV) 18.00–20.00
 Kvar torsdag 12.00–14.00
Kvar: Nabolaget - lokala til gamle posten
Arrangør: Røde kors omsorg
Web: <https://facebook.com/eidfjordrodekorsomsorg>

SENIORDANS

Kven: Vaksne over 55
Når: Måndag 14.00–16.00
Kvar: Sæbø skule
Kontakt: Ragnhild Herstad

SMÅBARNSKAFÉ

Kven: 0–2 år
Når: Onsdag 10.30–12.30
Kvar: Kyrkja
Arrangør: Kyrkja
Kontakt: Eidfjord kyrkje
Web: <https://eidfjord.kyrkje.no>

SNIKKARVERKSTAD

Når: Torsdag 18.00–20.30
Kvar: Evjo aktivitetssenter



STRIKKEKLUBB

Når: Onsdag (PV) 18.00–20.00

Kvar: Sæbø skule

Kontakt: Liv Myklatun

STYRKEROM

Kven: Alle innbyggjarar i Eidfjord over 18 år

Når: 06.00–22.00

Kvar: Eidfjordhallen. Må kjøpa nøkkelbrikke på kommunehuset

Arrangør: Eidfjord kommune, Kultur, næring og berekraft

Web: <https://facebook.com/styrkeromeidfjordhallen>

SYSENDALEN SKISENTER

Kven: Alle

Når: Sesongopning 2. joledag

Kvar: Maurset

Arrangør: Hardangervidda Ski og Fjellsport AS

Web: <https://sysendalen.no>

TERAPIBASSENG

Kven: Fysioterapien sine brukarar eller etter avtale

Når: Damer: Måndag og torsdag 12.30–13.30

Herrar: Tysdag og fredag 12.30–13.30

Kvar: Eidfjord kommunehus, helseavdeling i kjellaren

Arrangør: Eidfjord fysioterapi

Kontakt: Fysioterapiavdelinga

Web: <https://eidfjord.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/idrett/basseng>

TONESKREDO

Kven: Ungdom og vaksne

Når: Annakvar måndag 19.00–22.00

Kvar: Kyrkjelydsalen

Kontakt: Hilde Anette O. Bu

Web: <https://facebook.com/toneskredo>

TURGÅING

Når: Tysdag 10.30–13.00

Kvar: Sæbø skule



Vekselbanken i Eidfjord

Vekselbanken har opna kontor i Eidfjord, på Sentrumstunet. Lillian er å treffa på tlf. 975 52 501 tysdag, onsdag og torsdagar, ring gjerne for å avtala møte med ho.

De kan også kontakta ho på e-post: ll@vekselbanken.no

 **Vekselbanken**
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Me er ein god medspelar for kundane våre i alle livsfasar og situasjonar. Du får personleg service og rådgjeving i samspel med smarte digitale løysingar. Du kan treffa oss på vårt hovudkontor i Voss sentrum, eller på Sentrumstunet i Eidfjord. Les meir på vekselbanken.no



Motorsykkeltreff.

Oppdatering etter sommarsesongen frå Finnasteinflåten camping

Finnasteinflåten camping hadde ein bra sesong i år. Det vart ein auke på 10,5 % i høve fjoråret, som òg var ny rekord.

Tekst og foto: Reidar Kleivkås

Størst auke er med bubilar i ulike storleikar. Problemet vårt er avkøyrsla frå riksvegen. Her har vegvesenet planlagt utviding med riktig avkøyrsla og senking av vegbanen. Planen deira har vore planlagt frå 1980–1990-talet med nokre endringar, men det er berre på papiret. Ingenting skjer i terrenget. Plassen for nedkøyringa vår vert ofte brukt til møteplass for trailere. Då hindrar dei for bilar som vil ned på campingen.

På ettersommaren i år vart det òg eit anna problem. Vanlegvis pleier det å vera turt her, men i år kom alt regnet frå austlandet og gjorde bakken veldig blaut. Difor vart det noko problem med bubilane som spann seg fast og lagde deler av bakken om til åker.

Me har hatt gjester frå nærmare 30 land, blandt anna frå Filippinene, Malaysia, India, Australia, Sør-Afrika, Argentina, USA, og frå dei fleste land i Europa. Flest tyske, og folk frå Nederland. Me får gode attendemeldingar. Særskilt vil folk ta bilete av elva.

Sesongen startar som regel med motorsykkeltreff, dei siste åra over to helger. Bergensklubben CBOC – Classic Bike Owners Club har vore her sidan 1983, og hadde 40-årsjubileum i år. På det meste har det vore nærare 200 motorsyklar på plassen den helga dei er her. For å delta må du ha ein engelskprodusert sykkel.

I år hadde me plassen open til 20. september, 11 dagar etter at sola forsvann. Om sju månadar kjem ho att, den 4. april. Me gler oss.

Oppsummering av sommaren på Hedlo

Tekst og foto: Bente Myklathun

Hedlo turisthytte har tatt i mot gjester i over 100 år, og i sommar har vi feira jubileet! Vi markerte det med å gjera litt ekstra stas på gjestene våre, og vi kan sjå attende på ein sesong som var vellukka på alle vis. Trass mykje regn og kaldt vær har vi hatt besøk av mange hyggelege gjester, som gav oss ein solid auke i omsetnad denne sommaren. Det gjer oss tru på framtida, og vi vonar mange vil ta turen igjennom den vakre Veigdalen og vitja oss på Hedlo dei komande åra. Velkomne skal de vera!



Hedlo i kveldssol.



Hedlo matsal.



Matkulturdag i Øvre Eidfjord

Tekst: Heidi Herstad Prestegård

Laurdag 28. oktober var det endeleg tid for Matkulturdag på plenen bak Hardangerviddahallen. Her kunne utstillarane freista med alt frå pinnakjøt til lakseprodukt til steikeost til fårepylsa til kjeakjøt til jolabakst... For å nemna noko. Utvalet var både stort og freistande. Det var også mogeleg å få kjøpa smaksprøvar av tradisjonsmat, som primlefsa, bålsteikt fjellaure, hakkasteik og moltekrem. Tusen takk til arrangørar og utstillarar for denne fine dagen!

Marit Stadheim og ordførar Timo Knoch ynskje velkomen. Foto: Trude Rinaldo



Lokalprodusert og kortreist mat er populært.
Foto: Trude Rinaldo



Kan det freista med Hardangerkebab? Røykt lammebog i potetkaka.
Foto: Trude Rinaldo



Foto: Trude Rinaldo



Musikalske innslag av det lokale Eidfjordbandet Naglabeat, samt trubadur Ray Larsen. Foto: Trude Rinaldo



Borna fekk vera med å pressa si eiga eplesaft.
Foto: Heidi Herstad Prestegård



Ei freistande grønnsaksbod, med to blide seljarar.
Foto: Heidi Herstad Prestegård



Kommunestyret for valperioden 2023-2027: Fyrste rad frå venstre: Anne Lise Bleie (H), Kari Læg Reid (Sp), Timo Knoch (Ap), Anett Vivel (SV), Anders Vatle (Sp). Andre rad frå venstre: Hans Hellevang (Ap, vara for Vidar Riber), Oda Medhus (Ap), Frode Eriksen (Ap), Rannveig Mork Garen (H), Tone Læg Reid Garen (Sp), Grete Næss (SV), Solveig Liseth Vik (Sp). Bak frå venstre: Bjørn Kåre Engseth (SV), Arild Riber (Ap), Aslak Læg Reid (H), Atle Myklatun (H), Einar C. Nagell-Erichsen (H). Foto: Eidfjord kommune

Konstituerande kommunestyremøte

23. oktober

Tekst: Heidi Herstad Prestegård

Avtroppande ordførar Anders Vatle starta møtet og ynskte det nye kommunestyret velkomen. Han råda dei til å ikkje kvi seg for å seia meininga si, og til å ta ordet i komande møter. Deretter hadde han ein praktisk gjennomgang av strukturen som gjeld for kommunestyremøter.

Timo Knoch (Ap) vart valt av kommune-styret til ny ordførar, med 12 av 17 røyster. Avtroppande ordførar Anders Vatle (Sp) gav Knoch mellom anna desse orda med på vegen: «Det er eit privilegium å vera folkevald, og det største privilegium er å vera ordførar. Det er ikkje ein jobb, men eit verv for oss alle. No vil du vera ordførar døgret rundt, året rundt.»

Formannskapet for valperioden 2023-2027:

Fast medlem: Anne Lise Bleie (H)

1. vara Einar Nagell-Erichsen (H),

2. vara Aslak Læg Reid (H)

3. vara Rannveig Mork Garen (H)

Faste medlemmer: Timo Knoch (Ap), Kari Læg Reid (Sp) og Anders Vatle (Sp)

1. vara Oda Medhus (Ap)

2. vara Solveig Liseth Vik (Sp)

3. vara Arild Riber (Ap)

4. vara Frode Eriksen (Ap)

5. vara Vidar Riber (Ap)

Fast medlem: Anett Vivel (SV)

1. vara Grete Næss (SV)

2. vara Bjørn Kåre Engseth (SV)

Etter møtet samla nye og avtroppande kommunestyremedlemmer, ilag med leiargruppa, seg til middag og samvær på Vøringfoss hotell.



Overlevering av ordførarkjedet frå avtroppande ordførar Anders Vatle (Sp) til Timo Knoch (Ap).



Timo Knoch (Ap) ynskjer Kari Læg Reid (Sp) til lukke med vervet som varaordførar.




Torbjørn Ljones (Kvitanesen) vitja ungdomshuset.

Øvre Eidfjord grendalag

Me vil takka alle som deltok og støtta grendalaget med gevinstar til basaren som me hadde i slutten av februar. Den 31.mars hadde me besøk av Kvitanesen. Han hadde nye og gamle forteljingar om lokale folk og hendingar, som både er sanne og usanne. Ein kjekk kveld med godt oppmøte.

Tekst og foto: Helene Bratland, leiar i Øvre Eidfjord grendalag

I år har Øvre Eidfjord grendalag sendt inn søknad om midlar til ungdomshus, både til vår- og haustsemesteret. Til saman fekk me tildelt 160 000 kr til budsjetterte prosjekt. Prosjekta som me har gjennomført er nye lampar i salen, og samt skifta ut dei gamle straumledingane. Me har fått



Nye taklampar.

nytt rekkverk ute til inngangspartiet og rekkverk inne til trappene. Me hadde eit håp om å få måla heile huset utvendig, men værguden var ikkje med oss denne sommaren. Me har difor ny måling ståande klar til neste sommar. Elles har me skifta ut den slitte ytterdøra ved hovudinngangen. Me vil takka Sparebankstiftinga Hardanger for at dei gjer det mogleg for laget å oppgradera og halda ved like ungdomshuset i Øvre Eidfjord.

Anna aktivitet som Øvre Eidfjord grendalaget har på kalenderen framover er filmkveld med Svein Haugen, joleverkstad for små, bakekveld, jolebingo, gløggtreff i bålhuset i Lund og fakkeltog på nyttårssaftan. Desse kjem som arrangement på Facebook og på plakatar.



Ungdomshuset har fått ny ytterdør.

Utstillingar i Galleri N. Bergslien 2024

Galleri N. Bergslien vil i 2024 ha tre utstillingar:

- 11. april–09. mai Bente Kluge, skulptur
- 13. juni–18. august Åse Ljones, tekstil
- 22. august–06. oktober Lars Gunnar Polden, biletkunst

Galleriet vil ha fylgjande opningstider:

- 06. april–09. juni: Laurdag/sundag 12:00 – 16:00
- 10. juni–18. august: Dagleg 11:00 – 17:00
- 19. august–06. oktober: Laurdag/sundag 12:00 – 16:00

- 01. april – 10. juni + 22. august – 31. oktober: Cruisekip 12:00–16:00


Galleriet hadde ein auke i besøk frå 3754 i 2022 til 4744 i 2023, i tillegg kjem vitjande som har vore i galleriet utanom normal opningstid.



Lars G. Polden som målar.



Åse Ljones si utsmykking i Fossehuset i Strandebarm.



Verk av Bente Kluge.



Festpynta lokale. Foto: Heidi Herstad Prestegård

Opningsfest i «Nabolaget» 31. oktober

Tekst: Heidi Herstad Prestegård

Anslagsvis mellom 60 og 70 innbyggjarar fann vegen i haustmørket til opningsfesten i «Nabolaget», lokalet til ny-stifta Røde Kors omsorg. Det var på eit tidspunkt stinn brakke i det nyoppussa lokalet, som var stasleg festpynta med ballongar og blomar.

Det fyrste som møtte oss ved inngangen var eit flott kakebord med både norske og ukrainske freistingar. Kommunen hadde sponsa med nokre av kakene, og Sjel & Gane med brus. Kaffi, te, saft, sjokolade og popcorn... Makan til flott servering!

Torleif Clausen Hjellødegård ynskte alle hjarteleg velkomne på vegne av stiftinga, og tok oss igjennom kvar og korleis det heile starta. Ordførar Timo Knoch haldt tale. Han hadde dessutan fått ein fin, og noko annleis, invitasjon. Han var nemleg invitert til å halda den raude snora ilag med Torleif. Sjølve klyppinga var det ukrainske Elena som stod for, til jubel og applaus frå alle fram møtte.

Sannah og Darya song så rørende til oss om det å berre få lov til å vera born.

Elisabeth Vik intervjuar ukrainske Lena og Rita på norsk. Dei skildra så fint om det å koma til Eidfjord, om tryggleiken dei kjenner på her i bygda, og at dei kjenner seg godt ivaretekne. Dei saknar dog mellom



Foto: Marita Meling Garen

anna eit kjøpesenter og eit apotek, og akkurat det er det nok stundom fleire som kan kjenna seg igjen i. Marita Meling Garen vart også intervjuar som frivillig, og ho fortalde om kor gjevande og kjekt det er å vera ein del av dette fellesskapet.

Varme smil, god stemning og ikkje minst kjensla av omsorg oppsummerer kvel-den. Eg trur me reiste heim litt rikare, alle mann.



Elena var snorklyppar.
Foto: Birgitta C. Hjellødegård

Sysendalen løypelag og løypekøyrarane er klare til ny sesong

Barmarkstida har vorte brukt godt i Sysendalen, og det er gjort mange viktige førebuingar før snøen kjem og ny vinter set seg.

Tekst og foto: Sysendalen løypelag

Me tenkjer det er ei sjølvfylgje at det er gode snøforhold og gode løyper, men me ser av dei siste åra at vår og snøforhold kan variera i stor grad. Me ynskjer flest moglege dagar som på biletet under, med løypemaskina på tur slik at skiløparar kan kosa seg i vårt flotte løypenett. Det har difor dei siste åra vore eit auka fokus på å tilretteleggja løypetraseane best mogleg, for å kunne køyra løyper med god kvalitet også når det er mindre snømengder.



Dugnadar og vegetasjon

Mange hyttelag i Sysendalen har også denne hausten gjort sin del av jobben. Fleire har organisert dugnadar i sitt nærområde, og har mellom anna sytt for at vegetasjon og vekst er tatt vekk slik at forholda vert best mogleg. Løypelaget takkar alle som bidreg. Bileta under er frå 16-17 framkomte på dugnad i Fetalia ein laurdag i oktober, i skikkeleg haustvår.

I tillegg til dugnadar i terrenget vert det også køyrt maskin med kantklypper på grusvegane, for best mogeleg tilrettelegging.




Oppdatert skilt og skiltplan

Det er kvart år nye brukarar av Sysendalen, både hyttefolk, innbyggjarar og andre vitjande. Nokon er veldig kjende i området, andre ikkje. Det er til komande sesong laga ein oppdatert skiltplan og sett ut nye skilt fleire stader. Dette for å tilretteleggja for at brukarane får like referansar, og for å gjera ferdslar i vårt til tider vêrharde landskap tryggast mogleg. Det er sett ut skilt med avstandar, QR-kodar og retningsanvisningar. Dette kan vera nyttig, men kan også i gitte vêrsituasjonar auka tryggleiken.

Meir detaljar rundt skilt og skiltplan kan sjåast på løypelaget si nettsida: <https://www.sysendalen.no/loypelag>

QR-kode på skilt skal mellom anna hjelpe til å finna kartet på skispo-ret.no, som syner kvar du er i løypenettet terrenget. Via QR-koden er det også enkelt å registrera seg hos løypelaget.



Registrer di e-postadresse

Sysendalen løypelag ynskjer at alle hyttefolk, innbyggjarar og andre brukarar registrer si e-postadresse for å få direkte informasjon frå løypelaget. Ved å registrera e-postadressa di får du 6-8 nyheitsbrev i året med relevant og oppdatert informasjon både før og under sesong.

For å registrera e-postadressa di kan du:

1. Nytt QR-koden
2. Senda ein e-post til sysendalen@gmail.com med ordet «nyhetsbrev» i emnefeltet
3. Senda di e-postadressa på tekstmelding til 90 01 07 06.

Løypelaget ynskjer dialog med så mange som mogeleg, og takkar alle som registrerer seg.

Meir detaljar rundt registrering av e-postadresse og informasjon om Facebooksida til løypelaget (for daglege løypeoppdateringar) finn du på: <https://www.sysendalen.no/loypelag>.

Løypelaget si Facebooksida heiter «Sysendalen løypelag».

Ny trasé mellom Grov (løypekryss) og Maursetparken

Løypelaget har denne hausten arbeidd med fleire store og små prosjekt. Det største prosjektet, som løypelaget er stolte av å få på plass, er ein ny grusa trasé frå Fetalia/Grov (løypekryss) til Sjonaleitsvegen i Maursetparken. Elvekryssinga over Bjoreio vert også forbetra, fleire større røyr vert lagt ned for sikker kryssing. Dette gjer moglegheiter for heilårsbruk av eit veldig fint område.

Om vinteren gjer grusa underlag at løypemaskina kan køyra med betydeleg mindre snø. Når det ikkje er snø kan traséen nyttast til annan aktivitet. Den grusa traséen er knytt til eksisterande vegar på kvar sida slik at me får ei heilårs rundløypa til sykkel, tur og anna.

Løypelaget vil takka Eidfjord kommune og Sparebankstiftinga Hardanger for økonomiske bidrag som er avgjerande for å finansiera denne type tiltak. Me vil også takka grunneigarane som lar oss tilretteleggja på sine eigedomar.

Den nye traséen vert ikkje ferdigstilt denne hausten. Den kan etter kvart nyttast, men planen er at underlaget må "setja seg" gjennom vinteren, og deretter pyntast og slutførast til våren.




Klar for ski og vinter

Det er også i år Hardangervidda ski- og fjellsport som skal køyra løypene. Saman med Sysendalen løypelag ser løypekøyrarane fram til snø og vinter. Me er avhengige av stønad for å køyra løyper med så god kvalitet og variasjon som innbyggjarane og hyttefolka ynskjer.

Betal ditt bidrag på 900 kr. til Vippsnummer: 82372.

Stor takk til alle som prioriterer å støtta arbeidet med turløyper i Sysendalen.



Jakt- og fiskesesongen 2023

Tekst: Gunnar Elnan for Eidfjord fjellstyre

Reinsjakt

Det vart ein vanskeleg jakt i haust med rein bukkekvote. Bukkeandelen i stamma er låg og bukkane heldt seg midt inne i fostringsflokkane. Resultatet var ei dårleg jakt for Eidfjord statsallmenning sin del. Det vart felt 23 bukkar av ein kvote på 270 fellingsløyve. Dette gir ein fellingsprosent på 8,5!

Garnfiske

Fjellstyret er ikkje heilt i mål med å få inn rapportar, men det samla resultatet så langt visast i statistikken (Eidfjord statsallmenning 1998–2023).

Resultatet er stabilt på kor mange kg. aure som er fanga, og i snitt har auren som er fanga auka i vekt. Trenden med kor mykje aure som vert fanga per garn er òg aukande. Frå tidleg på 2000-talet då snittet var 0,4 kg per garn, er snittet no 0,6 kg per garn. Og trendpila peiker framleis oppover.

Ser me litt nærare på dei viktigaste fiskevatna, har fangsten i Nordmannslågen auka og fiskeinnsatsen har helde seg stabil.



Innsamling av båtvrak


På oppdrag frå fjellstyret har oppsynet registrert båtvrak som ligg i statsallmenninga. Intensjonen er at desse vert fjerna i løpet av vinteren. Det er oppsynet som skal stå for denne jobben. Så langt fjellstyre klarar å spora opp eigar til vraka, vert desse kontakta for å avtalefesta rett til å fjerna vraka.

Målet er å få allmenninga rydda for båtvrak som kan bidra til forsøpling i statsallmenninga. På sikt kjem det truleg ei merkeordning slik at det vert eit register der båtar og eigar er registrert. Dette vil lette arbeidet med å fjerna framtidige båtvrak frå allmenninga.




Foto: Solveig Liseth Vik






I Lakjen rapporterast om fin fisk, om ikkje av «Lågenkvalitet». Det høge talet fisk sidan 2020 skuldast at det har vore opna for tynningsfiske.



Tinnhølen har ein ganske stabil situasjon, men omfanget av fisket har gått ned i forhold til tidleg på 2000-talet.



Situasjonen i Langavatnet synes ganske stabil dei siste 8-10 åra. Fiskeinnsatsen har i same perioden teke seg noko opp.

TV-aksjonen 2023

– innsamling til Redd Barna

Tekst og foto: Lægred skule

På toppen – igjen!

Eidfjord kommune ligg også heilt i toppen når det gjeld innsamling til TV-aksjonen fordelt på innbyggjarar. På Lægred skule i Eidfjord greidde me å samla inn heile 76 000 kroner til TV-aksjonen. 48 000 kroner av desse vart samla inn på den årvisse basaren som 1.–7. klasse arrangerer for bygda. Elevane på ungdomstrinnet gjennomførte eit skuleløp og samla inn om lag 28 000 kr gjennom Spleis.

Me hadde to rundar med åresal og heile bygda stilte opp. Elevane hadde laga alt frå vennskapsarmband til tennbrikettar som me selde, og me hadde både felles dans og song. Basaren er eitt av høgdepunkta i bygda som me gler oss til kvart år. Glade barn som bidreg for andre barn. Me er stolte av elvane våre og innsatsen, både dei og dei tilsette, gjer for andre.



Kino i desember

Under finn du oversikt over filmene som skal synast i desember på Eidfjord kommunale kino. Meir informasjon om filmene finn du på filmweb.no.


Billettprisar: Vaksen: 75 kr | Barn: 25 kr



Lørdag 2. desember, Kl.17.00

DEN FØRSTE JULEN I SKOMAKERGATA

Sensur: 6 år | Speletid: 1t.35min
Byrå: Nordisk Film Distribusjon



Sundag 10. desember, Kl.17.00

WONKA

Sensur: 6 år | Speletid: 1 t. 56 min.
Byrå: Warner Bros.



Sundag 10. desember, Kl.19.00

THANKSGIVING


Sensur: 15 år | Speletid: 1 t. 46 min.
Byrå: SF Norge AS



Sundag 17. desember, Kl.17.00

ØNSKE

Sensur: 6 år
Byrå: The Walt Disney Company Nordic



Sundag 17. desember, Kl.19.00

THE GREAT ESCAPER

Sensur: 12 år | Speletid: 1t. 36 min.
Byrå: Nordisk Film Distribusjon

Kva med å gje ein kinobillett til jol?



Billetter kan kjøpast i ekspedisjonen på kommunehuset.